Vedtekter for Bø turlag

1. Mål

Formålet med laget er å utvikle turlivet i Bø - særleg å leggje til rette for og fremje friluftslivet og betre kjennskapen til distriktet.

2. Arbeidsoppgåver

Laget skal primært arbeide med å:

- rydde og merke stigar og løyper, byggje bruer og klopper.
- fremje interessa for friluftsliv ved opplysning, tur- og løypeomtaler, og arrangere turar, møte, kurs og tilstellingar.
- samarbeide med andre organisasjonar og institusjonar - offentlege eller frivillige - for å nå formålet med laget.
- argumentere for interessene til friluftslivet i relevante politiske saker.

3. Medlemmer

Bø Turlag er opent for alle enkeltpersonar, bedrifter og organisasjonar. Medlemmer som ikkje har betalt kontingent på to år, blir rekna som utmelde av laget.

4. Årsmøte

Årsmøte er det øvste organet i laget. Årsmøtet er opent for alle medlemmar, og kvar medlem har ei stemme. Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av mars månad. Ekstraordinært årsmøte skal det innkallast til av leiaren når eit fleirtal i styret eller ¼ av medlemmene krev det. Innkalling skal skje med minst 14 dagars varsel. Styret avgjer innkallingsmåten. Med innkallinga skal det følgje sakliste. Det skal førast møtebok, som blir underteikna av skrivar og to valde av årsmøtet.

5. Årsmøtesaker

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, skrivar og to til å underteikne møteboka
3. Godkjenning av årsmelding
4. Godkjenning av rekneskap
5. Fastsetting av kontingent
6. Val av leiar, sekretær, kasserar og turområdeansvarleg
7. Val av styremedlemmar

8. Val av revisor
9. Val av representantar i Bø Løypelag
10. Val av valnemnd
11. Orientering og drøfting av arbeidsoppgåver framover
12. Andre saker / innkomne forslag

6. Styret

Styret skal leie verksemda i laget gjennom året i samsvar med vedtekter, utarbeide årsprogram og det som elles blir bestemt på årsmøtet. Styret skal ha leiar, sekretær, kasserar, turområdeansvarleg og tre styremedlemmer. Alle velges for to år, slik at leiar, kasserar og to styremedlemmer velges det eine året og sekretær, turområdeansvarleg og eit styremedlem velges det andre året.

Valet skal vere skriftleg når det er fleire kandidatar enn verv.

Styret skal kallast inn så ofte leiaren finn det nødvendig, eller når tre av styremedlemmene krev det. Styret er vedtaksført når tre medlemmar og leiar er til stades.

7. Revisor

Revisor blir vald av årsmøtet for eit år om gongen.

8. Representantar i Bø Løypelag

Årsmøtet vel to personar i styret til Bø Løypelag for to år. Kvart år er eit medlem på val. Dei representerer interessene til Bø turlag i Bø Løypelag.

9. Valnemnd

Valnemd skal ha tre medlemmar. Valet gjeld for tre år av gongen, men slik at eit av medlemmene, den lengstsitjande, trer ut kvart år. Leiar er den som er på val same år. Styret legg fram forslag til medlemmar.

10. Vedtektsendring

Vedtektsendring kan berre skje på årsmøtet. Det må gå fram av innkallinga at det ligg føre framlegg til vedtektsendring. Vedtak skjer med simpelt fleirtal.

11. Oppløysing av laget

Oppløysing kan skje etter at framlegg om oppløysing blir vedtatt med 2/3 fleirtal på to vanlege årsmøte som kjem etter kvarandre. Det siste årsmøtet avgjer kva verdiane i laget skal nyttast til.